



ØSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK
PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL





OSTERØY KOMMUNE

Møtedato: 24.04.2024
Møtetid: 13:00-17:00
Møtestad: Lonevåg, rådhuset- Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Herdis Helle	Leiar	AP
Johannes Haugland	Nestleiar	SP
Kari Laurhammer Mjøs	Medlem	KRF
Johannes O Borge	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Ruben Nielsen	Medlem	FRP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Ragnar J Tyssebotn	Ruben Nielsen	FRP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

For kommunedirektøren: kommunalsjef for samfunnsutvikling, leiar for teknisk forvaltning, politisk sekretariat, rådgjevar frå plan-avdelinga.

Ekstra informasjon:

BKK, ved Jan Arne Salhus og Eirik Brakvatne Mjelde, møtte for å orientere om straumnett på Osterøy.

Møteprotokoll er publisert på kommunens nettside og vert godkjent i neste møte.

SAKLISTE

Saksnr	Sakstittel
PS 16/24	Godkjenning av innkalling og saksliste
PS 17/24	Godkjenning av møtebok 24.04.2024
PS 18/24	Referatsaker og meldinger
<i>RS 7/24</i>	<i>Orientering om status med revisjon av KPA</i>
<i>RS 8/24</i>	<i>Løypemelding vår 2024 - Friluftslivets ferdselsårer og ro- og padleruter</i>
<i>RS 9/24</i>	<i>Vedtak - byggesak - Osterøy 119/21 - Teppstad - oppføring av brakker</i>
<i>RS 10/24</i>	<i>Gbnr 108/4 - vedtak i klagesak som gjelder deling i medhold av jordloven</i>
<i>RS 11/24</i>	<i>Orientering om vedtak fra Statsforvalteren i Vestland i klagesak - Haus næringsplan - planID 4630 2016003</i>
PS 19/24	Delegerte saker 24.04.2024
PS 20/24	Gbnr 1/85 Loftås - Søknad om dispensasjon for oppføring av firemannsbustad
PS 21/24	1. gong handsaming - detaljregulering Haugemyrane aust Hauge -planID 46302019004
EV 2/24	Andre saker/spørsmålr

Herdis Helle
Utvalseiar

PS 16/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

HANDSAMING I PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL - 24.04.2024 AV SAK 16/2024 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Kari Mjøs, KRF, varsla spørsmål til slutten av møte.

Johannes Borge, H, varsla spørsmål til delegerte saker.

Johannes Haugland, SP, har meldt inn eit spørsmål om konsesjon i forkant av møte og varsla to eller tre andre spørsmål til slutten av møte.

Utvalseiaren varsla spørsmål til slutten av møte.

Det var elles ingen merknader til innkalling og saksliste.

VEDTAK I PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL - 24.04.2024 AV SAK 16/2024 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

PS 17/24 Godkjenning av møtebok 24.04.2024

**HANDSAMING I PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL - 24.04.2024
AV SAK 17/2024 GODKJENNING AV MØTEBOK 24.04.2024:**

Det var ingen merknader til møteboka

**VEDTAK I PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL - 24.04.2024 AV
SAK 17/2024 GODKJENNING AV MØTEBOK 24.04.2024:**

Møteboka frå 06.03.2024 vert godkjend.

PS 18/24 Referatsaker og meldinger

HANDSAMING I PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL - 24.04.2024 AV SAK 18/2024 REFERATSAKER OG MELDINGER:

Det var ingen merknader til referatsakene.

VEDTAK I PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL - 24.04.2024 AV SAK 18/2024 REFERATSAKER OG MELDINGER:

Referatsakene vert tekne til vitande.

PS 19/24 Delegerte saker 24.04.2024

HANDSAMING I PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL - 24.04.2024 AV SAK 19/2024 DELEGERTE SAKER 24.04.2024:

Ragnar Tyssebotn, FRP, hadde slik merknad til **DS 64/24**: "Viser til vedtak i sak 64/24. I denne saka er det administrative vedtaket er ikkje i tråd med tidlegare vedtak gjort av politisk nivå, siden dette løyvet innheldt tidsavgrensing. Administrasjonen vert oppmoda om å rette opp i vedtaket, slik at det vert i tråd med tidlegare politiske vedtak."

Utvalsleiaren, Johannes Borge, H, Johannes Haugland, SP, og Kari L. Mjøs, KRF, hadde slik merknad til **DS 64/24**: "Utvalgsmedlemmene Helle, Haugland, Mjøs, Borge stiller seg ikkje bak medlem Tyssebotn si oppmodning. Dette med grunngjeving av at tiltakshavar er innforstått med saka slik den står no etter dialog med administrasjonen."

Det var elles ingen merknader til dei delegerte sakene.

VEDTAK I PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL - 24.04.2024 AV SAK 19/2024 DELEGERTE SAKER 24.04.2024:

Dei delegerte sakene vert tekne til vitande.

PS 20/24 Gbnr 1/85 Loftås - Søknad om dispensasjon for oppføring av firemannsbustad

**HANDSAMING I PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL - 24.04.2024
AV SAK 20/2024 GBNR 1/85 LOFTÅS - SØKNAD OM DISPENSASJON
FOR OPPFØRING AV FIREMANNSBUSTAD:**

AVRØYSTING:

Samrøystes

**VEDTAK I PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL - 24.04.2024 AV
SAK 20/2024 GBNR 1/85 LOFTÅS - SØKNAD OM DISPENSASJON FOR
OPPFØRING AV FIREMANNSBUSTAD:**

Kommunen gjev dispensasjon frå reguleringsplan Loftås felt B5–B9 føresegn § 3.2.3, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7 nr. 1 til oppføring av firemannsbustad på tomt B8-2 gnr. 1 bnr. 85, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg kommundirektøren si vurdering.

PS 21/24 1. gong handsaming - detaljregulering Haugemyrane aust Hauge - planID 46302019004

HANDSAMING I PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL - 24.04.2024 AV SAK 21/2024 1. GONG HANDSAMING - DETALJREGULERING HAUGEMYRANE AUST HAUGE -PLANID 46302019004:

Utvalsleiaren sette fram slikt utsettingsframlegg: Detaljregulering Haugemyrane aust – Hauge – planID 46302019004 vert ikkje sendt ut på 1. gongshøyring, men sendt attende til kommunedirektøren for ny utgreiing av om planen er i samsvar med lov og forskrift, overordna planverk (områdeplan for Hauge) samt grundigare utgreiingar av om dei trafikale løysingane, medrekna rekkefyljekrav, er gode nok.

AVRØYSTING UTSETTING:

Utsettingsframlegget fell, 2 røyster (AP, SP) mot 3 røyster (FRP, H, KRF)

AVRØYSTING:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert vedteke 4 røyster mot 1 røyst (AP).

Utvalsleiaren ønskja slik stemmeforklaring protokollert: Eg er ikkje imot planen eller daglegvarehandel på Hauge, men eg er usikker på om planen slik den ligg no oppfyller krava i lov og forskrift.

VEDTAK I PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL - 24.04.2024 AV SAK 21/2024 1. GONG HANDSAMING - DETALJREGULERING HAUGEMYRANE AUST HAUGE -PLANID 46302019004:

Forslag til reguleringsplan for Haugemyrane aust – Hauge – planID 46302019004 med plankart datert 07.02.24, føresegner datert 07.02.2024, planskildring datert 07.02.2024 – med tilhøyrande dokument vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan og bygningslova § 12-10. Planforslaget vært tilgjengeleg gjennom elektroniske media.

Frist for å gi uttale og eventuelt fremme motsegn skal være minst seks veker.

EV 2/24 Andre saker/spørsmål

HANDSAMING I PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL - 24.04.2024 AV SAK 2/2024 ANDRE SAKER/SPØRSMÅLRT:

Kari L. Mjøs, KRF, hadde slikt spørsmål: Før jul 2021 sa fylkeskommunen at dei ville tilrå 60-sone frå Helldal til Hosanger. Kor ligg denne saka no? Kan administrasjonen purre på fylkeskommunen?

For kommunedirektøren svarte kommunalsjefen slik: Saka ligg hjå Statens vegvesen siste eg sjekka. Eg skal purre på dei.

Johannes Haugland, SP, hadde slikt spørsmål: Kva er årsaka til at forskrifta for gjødselsspreiing er 2 mnd. kortare på Osterøy enn til dømes i Bergen kommune?

For kommunedirektøren svarte leiar for teknisk forvaltning slik: Samanhengen mellom sentral og lokal forskrift i Osterøy og Bergen vart kort gjennomgått.

Grunngjevinga for den kommunale forskrifta vart formulert slik i saksframstilling i samband med at den vart vedteke (av heradsstyre 26.04.06, arkivsak ID 01/1099):

«Rådmannen vil etter ei samla vurdering setje ein stadstilpass frist for Osterøy sett til 15. september som tilsvarende fire veker før gjennomsnittleg vekstavslutning. Ein vel samtidig å avgrense spreietidspunktet om våre til tidlegast 15. mars. Dette vil være meir i samsvar med dei to tilhøve som er retningsgjevande for spreieingstidspunkt:

- Gjødsla skal nyttast på ein slik måte at næringsstoffa vert tekne opp i plantane i vekstsesongen
- Det er forbod mot spreieing på snødekt eller frosen mark»

Eining landbruk erfarer at forskrifta fungerer stort sett godt, og ser ikkje trong for endring. Landbruk handsamar nokre dispensasjonssøknader om våren, men elles lite.

Johannes Haugland, SP, hadde slikt spørsmål: Det gjeldt sal av eigedom med GBnr. 14/28 på Hatland. Kva er status på denne?

For kommunedirektøren svarte kommunalsjefen slik: Saken er under handsaming. Saka har stoppa noko opp grunna spørsmål til nokre av punkta i avtalen som har tatt litt tid å få avklart.

Johannes Haugland, SP, hadde slikt spørsmål: Viser til formannskapssak av 25.02.2009, saksnr. 034/09:

92/4- Søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom.

Eit samrøystes formannsskap vedtok å gje konsesjon på overtaking av gardnr 92 bruknr 4 til Mjøs Metallvarefabrikk AS ved Eimund Mjøs, på villkår av at landbruksareala vert seld som tilleggsareal til nabobruk innan 01.01.2010.

Det har no gått 15 år sidan konsesjonskravet skulle vore innfridd, men framleis har ikkje Eimund Mjøs innfridd kravet som vart sett for å få konsesjon.

Har denne saka vore oppe til politisk handsaming etter 25.02.2009 ?

Kva dialog har administrasjon i Osterøy kommune hatt med konsesjonssøkar om saka i ettertid?

For kommunedirektøren svarte leiar for teknisk forvaltning slik: Det har ikke vore handsama noko politisk i denne saka etter 2009. Kommunen har dialog med partene i saken og har hatt det siden konsesjonen vert vedteke. Kommunen skal gjere det ein kan for å få til ein løysning i saka.

Johannes Haugland, SP, hadde slik merknad: Då må eigedomen verte seld innan 16. juni 2024.

Utvalsleiaren hadde slikt spørsmål: Kva er status på saka om sal av "Hetlevikhuset" i Haus?

For kommunedirektøren svarte kommunalsjefen slik: Kommunen er i dialog med Mjelde Bygg og hadde møte med dei seinast på måndag denne veka.

Utvalsleiaren hadde slikt spørsmål: Har kommunen kjennskap til steingardar i Mjeldalen som ikkje er skikkeleg oppmurte igjen etter framføring av vatn og kloakk mot Espevoll?

For kommunedirektøren svarte kommunalsjefen slik: Dette skal vi undersøkje nærare.

Utvalsleiaren hadde slikt spørsmål: Kan ein som politiskar gje innspel til reguleringsplanar på eige initiativ, eller som privatpersoner, når dei er på høyring utan å risikere å bli ugild i den seinare handsaminga av planen og er det vanleg praksis at politiskarane kjem med høyringsinnspel?

For kommunedirektøren svarte kommunalsjefen slik: Ein har full rett til gje innspel som privatperson og som innbyggjar i Osterøy kommune, sjølv om ein sitt som politiskar i heradsstyret eller i andre politiske utval.

VEDTAK I PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL - 24.04.2024 AV SAK 2/2024 ANDRE SAKER/SPØRSMÅLRT:

Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka.